



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.12.2005	MR 21236/2005	Eivind Hasle

Saksnr.	Utval	Møtedato
Ud-1/06	Utdanningsutvalet	09.02.06
	Fylkesutvalet	27.02.05

## **A. Forskrift til opplæringsloven Høring på endringer (frå Utdanningsdirektoratet)**

## **B. Høring - Endringer i opplæringsloven. Opplæring i helseinstitusjoner og barnevernsinstitusjoner (frå UFD)**

### **Bakgrunn**

Utdanningsdirektoratet har sendt ut på høring framlegg til endringer i forskrift til Opplæringslova (jf vedlagt høyringsbrev av 13 10 05 pluss høyringsframlegg) . Skolane har vore mint om høyringa, med tanke på innspel frå dei. Høyringsfristen er 15 01 06.

Samtidig har Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) sendt ut på høring forslag til endringer i opplæringslova, når det gjeld opplæring i helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar. (jf vedlagt høyringsbrev med høyringsframlegg av 09 11 05, med høyringsfrist 04 01 06). På grunn av tidspress, har vi valt å sjå desse 2 høyringssakene i samanheng. Synspunkta våre til høyring B er såleis innarbeidd som kommentar til kpt. 18 i forskrifta.

### **Generell vurdering**

Som det går fram både av høyringsbrevet og av sjølve høyringsframlegget, dreier svært mange av endringane av forskrift til opplæringslova seg om redaksjonelle endringer eller endringer som følgjer logisk av tidlegare vedtatte endringer av opplæringslova og vedtak om Kunnskapsløftet (jf Læreplan for Kunnskapsløftet, eller vg1, vg2, vg3). Desse endringane ser vi liten grunn til å kommentere.

Dei andre endringane vil vi kommentere der vi har merknader til forslaga. Vi ser samtidig at enkelte av framlegga kanskje vil kome i eit anna lys når vi ser framlegga i samanheng med regjeringsskiftet (jf t.d. om 2.framandspråk, § 1-9)).

Vi går gjennom forskrifta kapittel for kapittel:

### **Kpt 1. Innhaldet i opplæringa.**

Ingen merknader

### **Kpt 2. Rapportering og evaluering av opplæringsverksemda**

I § 2-1 merkar vi oss at forskrifta no slår fast at elevane/lærlingane skal trekkast aktivt med i vurderinga av opplæringa, og at dei skal få ei innføring som gir grunnlag for aktiv deltaking i dette arbeidet. Vi støttar denne understrekinga.

§2-4 Vi støttar alternativ 2 (– som i dag ). Det er viktig at fritaksreglane er mest mogleg eintydige, slik at det ikkje blir stor variasjon mellom skolane og skoleeigarane. Vi oppfattar alternativ 2 som meir eintydig enn alternativ 1, sjølv om ingen av alternativa er eintydige.

### **Kpt. 3 Vurdering av elevar i grunnskolen.**

Ingen merknader.

### **Kpt 4 Vurdering i vidaregåande opplæring**

Generelle refleksjonar

Vi registrerer at kapitlet om vurdering er blitt svært omfattande og detaljert. Stort sett er framlegga positivt vurdert, og det er sjølvsagt ønskeleg at regelverket er mest mogleg eintydig. Men samtidig må vi peike på handlingsrommet og fleksibiliteten i opplæringssituasjonen og vurderinga blir mindre, jf t.d. den forsterka presiseringa i § 1-4 om tidsbruk til eksamen og opplæring, eller presiseringa i § 4-19 om lokalt gitt eksamen, med klare rammer for eksamen.

Det store og avgjerande spørsmålet rundt vurdering er likevel spørsmålet om kravet til tilpassa opplæring for alle kan sameinast med minstekrav eller fastsette kompetansemål. (jf § 4-24). Dette dilemmaet får inga avklaring gjennom forskrifta.

§ 4-7 Grunnlaget for vurdering i faga.

Formuleringa i den tidlegare § 4-4 Grunnlaget for vurdering finn vi no igjen i § 4-7. Den tydelege understrekinga som var i den tidlegare forskrifta av at grunnlaget for vurderinga er dei samla måla for opplæringa, slik dei kjem fram i generell del av læreplanen og i læreplanen for dei enkelte faga og kursa, er svekka. Vi stiller spørsmål ved om ikkje denne understrekinga framleis er ønskeleg og nødvendig ut frå den sterke målstyringa i opplæringa.

I alle fall oppfattar vi uttrykket ”læreplanen for grunnopplæringa” som eit meir eintydig og betre omgrep enn ”læreplan for Kunnskapsløftet”, og vi vil tilrå at uttrykket

”læreplanen for grunnopplæringa” blir innarbeidd i heile forskrifta i staden for ”Kunnskapsløftet”.

§4-11 Fritak frå vurdering i norsk sidemål skriftleg.

Vi stiller oss svært undrande til at det er innført ein spesiell fritaksgrunn for vurdering av norsk sidemål , knytt til ”dokumentert saksbehandlingsfeil ” i grunnskolen. Kvifor skulle ein slik ”dokumentert saksbehandlingsfeil” bli innført berre for norsk sidemål ? Vi ser for oss mange vanskelege klagesaker – og spør oss om framlegget meir er språkpolitisk enn skolefagleg grunnlegg.

§ 4-13 Vi oppfattar framlegget som ei klar betring i forhold til tidlegare formuleringar !

§ 4-35 Her kan det sjå ut som om det har skjedd ein reduksjon i talet på dagar, frå 14 til 10 dagar fråvær til arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid etc. Dersom framlegget er slik å forstå , stiller vi oss spørrande til endringa, og vil tilrå at ein held fast på den ramma som står i noverande § 4-27, dvs. 14 dagar.

### **Kpt 5 Klage på vurdering**

§ 5-1 og § 5-15 Klage på realkompetansevurdering

Vi oppfattar denne klageretten som ei tilpassing til forvaltningslovverket, og ser det såleis som naturleg at realkompetansevurdering også blir omfatta av klageretten.

### **Kpt 6 Inntak/formidling**

Ingen merknader

### **Kpt 7 Samisk og finsk**

Ingen endringar eller merknader

### **Kpt 8 Fritak frå opplæring og vurdering i norsk sidemål i vidaregåande opplæring.**

Spørsmålet om fritak i norsk sidemål er no integrert i kpt 4, og fritaksretten er utvida med ei merkeleg formulering som vi har kommentert under § 4-11.

### **Kpt 9-10-11-12 Ingen endringar / merknader.**

### **Kpt 13 Oppfølgingstenesta i vidaregåande opplæring**

Ingen endringar , bortsett frå det sjølvsaagte at oppfølgingstenesta også skal arbeide for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring. Dette er ei understreking som vi støttar, og som vi trur mange i OT alt har praktisert, ved at OT nyttar informasjon og kompetanse til også å arbeide førebyggjande inn mot skolesystemet og rådgjevingstenesta.

**Kpt 14 Ingen endringer**

**Kpt 15. Krav om politiattest**, som no også blir foreslått å omfatte vidaregåande opplæring. Ingen merknader.

**Kpt 17. Krav om språklege parallellutgåver.** Ingen merknader.

**Kapt. 18 . HØYRING PÅ ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA****Kapt 18. Kommunen sitt økonomiske ansvar for grunnopplæringa**

*Som nemnt i innleiinga føler vi at denne paragrafen må sjåast i samanheng med høyringa om endringar i Opplæringslova – om opplæringsansvaret for pasientar i helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.*

*Av dei 6 alternativa som er skisserte i høyringsnotatet, veljer Møre og Romsdal fylke å gå inn for alternativ 6. Dette var også det alternativet vårt fylke gjekk inn for ved forrige høyring om dette spørsmålet. Vi synest det er svært vanskeleg å følgje opp og kvalitetssikre grunnskoleopplæringa når vi korkje har styrings-moglegheiter som skoleeigar eller har nødvendig kompetanse innanfor dette området - sjølv om utgangspunktet likevel kanskje er betre i Møre og Romsdal som einskapsfylke enn i dei fleste andre fylka.*

*Utgreiinga gir ei god oppsummering av dei argumenta underalternativ 6 som vi legg størst vekt på.*

**Kpt 19 – 20 –21 Ingen endringer****Kpt 22 Retten til nødvendig rådgiving.**

Dette kapitlet er no sterkare to-delt, i eit skille mellom den sosialpedagogiske rådgjevingstenesta og utdannings- og yrkesrådgjevingstenesta / karriere-rettleiingstenesta, og der karriererettleiingstenesta har fått ein svært fyldig omtale samanlikna med den sosialpedagogiske rådgjevinga.

Vi har ingen merknader til formuleringane, men føler at omfanget av omtalen kan gi uheldige signal om kva slags rådgjeving som er viktigast. Vi vil gjerne understreke at rådgjevingarbeidet ikkje kan gjerast til eit enkelt teknisk spørsmål om ”rett elev på rett plass”, men i stor grad dreier seg om å utfordre dei unge rundt eksistensielle spørsmål om identitetsutvikling, om å kjenne seg sjølv, og om kva den enkelte vil bruke livet sitt til ut frå sine evner og interesser. Samtidig veit vi at det er ei svært krevjande oppgåve for rådgjevingstenesta å ha god oversikt over oppdatert og relevant informasjon om utdanningssystemet og arbeidslivet, og at det er nødvendig å styrke innsatsen på dette området.

Vi vil samtidig minne om at uttrykket ”karriererettleiing” for mange kan gi negative assosiasjonar, og ikkje minst for dei elevane som ikkje ser for seg at dei skal ”gjere karriere”. Yrkesorientering og utdanningsretteiing (YOU) er såleis eit betre og meir nøytralt uttrykk for denne delen av rådgevingstenesta.

### **Kpt 26 Innføringstakt.**

Vi vil gjerne reise spørsmål om det er naturleg å innarbeide innføringsplanen for reforma i forskrifta ?

Forslag til vedtak:

Fylkesutdanningsdirektøren rår fylkesutvalet til å gjere slikt

### **V e d t a k :**

1. Møre og Romsdal fylke viser til saksframlegget og dei merknadene som der er innarbeidd til Utdanningsdirektoratets utkast til endringar i forskrift for opplæringslova
2. Møre og Romsdal fylke viser til kpt 18 i saksframlegget og dei synspunkta som der er markert til UFDs utgreiing om opplæring i helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar. Møre og Romsdal fylke går inn for alternativ 6.

Per Hoem  
Fylkesutdanningsdirektør